



Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
v/ Magne Geir Verlo  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Bergen, 9.10.2011

### **Tilleggsuttale om Herand kraftverk**

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) viser til sin tidlegare høyringsuttale av 2.2.11 om dette prosjektet, og vil gjerne koma med følgjande tilleggsuttale, etter å ha vore med på synfaringa 27.9.11.

#### **Konsekvensar av naturinngrep**

Det blei under synfaringa påstått av utbyggerrepresentanten Samland at anleggsarbeidet for alt. 1 skulle utførast med helikopter utan synlege inngrep. Dette er ikkje heilt rett. Ved dette alternativet skal det byggjast ein ca. 200 meter lang tunnel frå inntaket i Fodnastølsvatnet, resten av den 2870 meter lange strekninga skal leggjast i nedgravd røyrgate. Dette kan ikkje gjerast utan bruk av gravemaskinar, noko som krev at det blir bygd ein anleggsveg langs røyrgata. Sjølv om det blir fylt jord på etterpå, blir dette eit alvorleg inngrep i landskapet i lang tid etterpå, og vil truleg også krevja utsprenjing på deler av strekninga for å få plass til røyrgata. Dessutan vil det vera behov for å ha ein kjøresterk veg i ettertid, i tilfelle det blir nødvendig med tiltak og/eller vedlikehald av røyrgata seinare. Det same gjeld i mindre grad alt. 2 der det er planlagt ca. 1200 meter tunnel. For å frakta vekk tunnelmassane trengs det også ein anleggsveg. Vi meiner og det kan stillast spørsmål om kor vidt det vil bli nødvendig med anleggsveg i samband med alt. 3 som skal gå i ca. 3000 meter tunnel heile vegen på austsida av elva for å få ut tunnelmassane.

NVH finn det påfallande at alt. 4, som er det einaste alternativet der inntaket blir nedanfor Fodnastølsfossen og dermed det som tek mest omsyn til landskapet, er det einaste som i følgje utbygger krev bygging av anleggsveg, og det er heller ikkje rett.

Herand Kraft har her gitt mangelfulle og misvisande opplysningar i sin søknad og konsekvensvurdering, og det får også konsekvensar for kostnadene.

#### **Omsynet til vassverket.**

Under synfaringa blei det også frå Herand Kraft si side gjort eit stort poeng av at vasskvaliteten ved det planlagde opprusta vassverket som skal koma samstundes med kraftverket, ville bli dårlegare ved alt. 4 enn ved dei tre alternativa som har inntaket direkte i Fodnastølsvatnet. NVH kan ikkje sjå at dette er eit avgjerande moment, ettersom utgifter til vassreinsing i alle tilfelle er innebygd i søknaden.

#### **Herand som nasjonalparklandsby.**

Bygda Herand er utpeika som ein av fem nasjonalparklandsbyar i Noreg. I 2009 fekk Herand ein pris for det best ivaretekte kulturlandskapet i Hordaland. Det inngrepet i landskapet som utbygginga medfører, vil kunna skada arbeidet med å marknadsføre Herand som turistmål, som vi har peika på tidlegare. Det er lite framsynt å øydeleggja grunnlaget for det som ein skal leva av seinare. I den samanhengen vil vi minna om at Jondal kommune for 20 år sidan ville byggja eit pukkverk med utskipningskai i Hereiane. Dersom dette prosjektet ikkje hadde blitt stoppa, ville det iallfall ikkje vore noko grunnlag for å gje ein kulturlandskapspris til bygda.

#### **Konklusjon**

Naturvernforbundet Hordaland står fast på konklusjonen i vårt brev av 2.2.11 om at vi prinsipielt går mot utbygginga av Storelvi. Vi grunnar dette på faren for tap av naturmangfald i heile vassdraget og uakseptable inngrep i landskapet med nedgraving

og utsprenging av opp til 3 kilometer røyrgate, tersklar, demningar og steintippar. Vi minner og om at utbygginga er i strid med Naturmangfaldlova sitt krav til kunnskapsbasert forvaltning ("føre var-prinsippet") og viser til konsekvensutgreiinga som seier at *"Den føreslegne minstevassføringa er ikkje tilstrekkeleg for å oppretthalda desse verdiane, i det minste ikkje i sommarhalvt, då vassføringskurvene viser at Storelvi har svært høg vassføring i normalår"*, og vidare: *"Det er viktig å understreka at fosseenger er ein viktig naturtype i seg sjølv, uavhengig av kva for artar dei måtte hysa."* og at *"--- vi kjenner ikkje til at det er førekomstar av interessante artar innan influensområdet til det planlagte tiltaket. At det likevel finst eit stort artsmangfald frå denne gruppa, er rimeleg opplagt, men dette mangfaldet er som sagt tilnærma ukjent."* Det er svært kritikkverdig dersom det ikkje blir teke omsyn til dei direkte tilrådingane i utbyggjaren si eiga konsekvensvurdering.

Dersom NVH likevel skulle gå mot dei klare råd i konsekvensutgreiinga, og tilrår utbygging, så meiner vi at alternativ 4 er det minst skadelege av dei fire alternativa, fordi det ikkje grip inn i Fodnastølsvatnet og Fodnastølsfossen, som er den største turistattraksjonen i vassdraget. Men skadeverknadene lenger nede i vassdraget er dei same ved alle fire alternativa.

Med venleg helsing  
for Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre (sign.)  
leiar